



Aukra kommune

– full av energi



Aukra er ein øy- og fastlandskommune på kysten av Romsdal. Kommunen har 3350 innbyggjarar og er ein vekstkommune. Med ilandføringa av gass frå Ormen Lange-feltet og som gassknutepunkt for Norskehavet, er kommunen sikra eit unikt utgangspunkt for eit allsidig nærings- og kulturliv og godt utbygge tenester. Kommunen si plassering innbyr til friluftaktivitetar både til sjøs og til lands. Avstanden til kultur-, fotball- og industribyen Molde er kort. Kommunen har 310 årsverk fordelt på omlag 400 tilsette. Administrativt er vi organisert i to nivå: rådmann, kommunalsjefar og tre stab- og støtteavdelingar, samt 12 einingar. Kommunen har gode utviklingsmulegheiter og står overfor mange interessante prosjekt og store utfordringar.

Rådmann

Aukra kommune tilbyr ei attraktiv toppleiarstilling med stort utviklingspotensiale for den som ønsker ei sentral rolle i vidareutvikling av regionen, lokalsamfunnet, kommunen sin organisasjon og tenestetilbodet til befolkning og næringsliv. Den største mulegheita ligg i å forvalte kommunen sine ressursar slik at det kjem både dagens og framtidens befolkning til gode.

Kommunen søker deg, ein toppleiar med fortrinnsvis høgare utdanning, leiarerfaring frå, og god kjennskap til kommunal verksemd. Du er ein utviklingsorientert strateg, og står fram som målretta og tydeleg med evne til gjennomføring. Du kan inspirere og samle organisasjonen om felles mål og visjonar under krevjande innovasjonsprosessar. Du ser kva mulegheitar og løysingar som finst.

Ditt oppdrag som vår nye rådmann vil vere:

- Vidareutvikle strategiar for samfunns- og næringsutvikling der Aukra kommune forsterkar posisjonen sin som ein aktiv aktør i regional utvikling og samfunnsbygging
- Vidareutvikle organisasjonen gjennom strategisk leiging og verksemdskultur med tydelege leiarroller, høg kompetanse, gode haldningar, helskaplege løysingar og tverrfagleg samarbeid
- God og langsiktig økonomistyring og forvaltning for å oppretthalde positiv driftsbalanse
- Bidra til tydelege roller og godt samspel mellom politikk og administrasjon
- Utvikle ein framtidretta HR-strategi som gir langsiktig rekruttering, kompetansebygging og utvikling med tilfredse og produktive medarbeidarar

Kommunen ser etter ein rådmann som:

- er strategisk og utviklingsorientert, ser helskap og samanheng
- er tydeleg, handlekraftig og løysingsorientert med evne til gjennomføring
- har gode kommunikasjonsevner og verkar samlande
- beherskar samspelet mellom politikk og administrasjon
- har kompetanse innan økonomistyring, organisasjon og leiging
- har solid og relevant høgare utdanning i kombinasjon med brei og allsidig leiarerfaring frå offentleg og/eller privat næringsliv

Er dette interessant for deg? Ta kontakt med kommunen sin rådgjevar Ivar Aslaksrud frå UtviklingsPartner AS, tlf. 930 30 194, eller ordførar Bernhard Riksfjord, tlf. 918 69 285.

Kortfatta søknad vedlagt CV **merka «Rådmann Aukra»** kan sendast som e-post til utviklingspartner@upk.no **snarast og seinast 28. mars 2014**. Lønn, tilfreding, tilsettingsform og andre vilkår etter avtale. Det vil bli utarbeidd ei eiga leiaravtale. Vitnemål og referansar skal takast med til ev. intervju. Vi gjer merksam på at det vil bli utarbeidd ei offentlig søkarliste etter at søknadsfristen er ute. Søkarar som likevel ynskjer at søknaden blir behandla konfidensielt, må opplyse om dette og grunngje det særskilt i søknaden. I tilfelle vi ikkje finn tilstrekkeleg grunngjeving for å bli unntatte offentlegheit, vil vi ta kontakt tilbake, slik at søker kan velje mellom å trekke søknaden eller stå fram med namn.



**UTVIKLINGS-
PARTNER**

www.upk.no

- Kunde- og samfunnsnytte
- Resultatforbedring
- Omstilling